

VELKOMMEN TIL ÅRSMØTEHELG  
SUNDE FJORDHOTELL 16-17.MARS 2024





HAGESELSKAPET  
MØRE OG ROMSDAL

## PROGRAM FOR HELGEN

### Lørdag:

Kl. 11:00 – 12:30 Årsmøte

Kl.12:30 – 13:30 Lunch

Kl. 13:30 – 15:30 «Små hager – store drømmer» ved Claus Dalby

Kl.15:30 Benstrekk/kaffepause/loddsalg med trekning

Kl. 17:00 – 18:00 Roseforedrag ved Nina Elisabeth Bøe og Aud Irene Teilgård

Kl.19:30 Middag samt kåring av «Årets Hagelag 2024»

### Søndag:

Kl.10:00 – 11:00 Foredrag ved Rauma Hagelag som ble «Årets Hagelag» både i M&R og Norge 2023.

Kl.11:00 Dialogspill ... et engasjerende gruppespill.

Kl.12:30 Lunch og avslutning



# Hageselskapet Møre og Romsdal

www.hageselskapetmr.no

E-post: hageselskapetmr@gmail.com

---

## Årsmøte 2024 i Hageselskapet Møre og Romsdal

Sunde Fjordhotell, 16 mars kl.11:00

### Sakliste

**SAK 1 Godkjenning av innkalling og sakliste.**

Valg av ordstyrer, referent og to representanter til å underskrive protokollen.

**SAK 2**      **Årsrapport**

**SAK 3**      **Årsregnskap**

**SAK 4**      **Arbeidsplan og budsjett kommende periode**

**SAK 5**      **Svinvik Fondet**

Forslag fra styret om nedleggelse av fondet og overføring av pengene tilbake Svinvik.

**SAK 6**      **Innkomne saker**

Fra leder Vanylven Hagelag. Endring av vedtekter.

**SAK 7 Valg**

Molde den 12.3.24

Styret

# Hageselskapet Møre og Romsdal

## Årsmelding 2023

### Innleiing

Hageselskapet Møre og Romsdal er ein del av Det norske hageselskap og arbeider i samsvar med organisasjonen sin visjon, vedtekter og arbeidsplan. Hageselskapet er ein landsomfattande, frittstående, ideell kultur- og miljøorganisasjon som arbeider for betre livskvalitet med grønne opplevingar.

Om lag 22 000 medlemmar er organisert i ca. 270 hagelag over heile landet. Laga er samla i 18 regionar. Hovedadministrasjonen ligg i Oslo. Hageselskapet tilbyr kunnskap, inspirasjon og hageglede gjennom Norsk Hagetidend, ei innhaldsrik heimeside, nyhetsbrev samt regionane sine aktivitetsplanar.

### Styremøter

Det har vore avvikla 4 styremøte på Zoom i 2023, herav eitt styremøte før årsmøtet 18. mars samt eit fysisk styremøte 16. september då fylkesstyret besøkte Vanylven. Vi har i tillegg ei lukka gruppe for fylkesstyret på Facebook, som hyppig blir brukt til informasjon og drøftingar.

### Styret

Styret som blei valt på fylkesårsmøtet 18. mars 2023 har vore slik samansett:

Navn	Hagelag	Funksjon	På valg
Aud Irene Teilgård	Molde	Leder	2024
Trygve Brunvoll	Molde	Styremedlem	2024
Sigrunn Sundnes	Vanylven	Styremedlem	2025
Nina Tangen Arnesen	Sande	Styremedlem	2024
Aud Sissel Løvoll Souranta	Vestnes	Styremedlem	2025
Lill Rustad	Ålesund	Styremedlem	2024
Siw Ytterli	Rauma	Varamedlem	2024
May Brungot	Ørsta	Varamedlem	2024
Ildri Skuggevik	Surnadal	Varamedlem	2024
Terje Nygård	Molde	Regnskapsfører	
Annlaug Berge		Revisor	2024
Jannecke Hofset	Ålesund	Valgkomité	2025
Edel Bente Gården	Averøy	Valgkomité	2024

### Konstituering av styret/arbeidsfordeling

Aud Irene Teilgård	Direkte vald til leiar
Trygve Brunvoll	Nestleiar, stedfortreder for leiar, arrangement, oppgåver som før
Nina Tangen Arnesen	Kursansvarleg + utlodning
Sigrunn Sundnes	Sekretær, rapportering, innsending m.v
Aud Sissel L. Suoranta	Jobbar med lag som slit + ansvar for fylkesturnèen
Lill Rustad	IT-ansvarleg + facebook + «Hva skjer» og bistår med kursing av tillitsvalde saman med Terje
Terje Nygård	Rekneskapsfører

Besøkshagar var tema under konstituering av styret, men oppgåva med å verve fleire besøkshagar vart ikkje lagt til ein fast styremedlem. Kvar og ein av oss ser seg rundt i eigen region og oppfordrar hageeigarar til å melde seg på. Å ha faste besøkshelgar/-dagar kan redusere følt behov for å ha ein strøken hage til eikvar tid. Vi legg ut info på FB og sender brev til alle lokallag eller til alle medlemene.

### **Styret for Hageselskapet Møre og Romsdal besøkte Vanylven**

Laurdag/søndag 16. – 17. september hadde fylkesstyret lagt styremøtet til Vanylven. Opplegget for helga var i samarbeid med Vanylven hagelag og styret for Vanylven hagelag var invitert til middag laurdag kveld. Det var vanskeleg å få i stand hagevandringar så seint i sesongen, men før styremøtet laurdag var fylkesstyret invitert til å besøke ein idyllisk husmannsplass på Fiskå. Plassen er no brukt som fritidsbustad. Søndag besøkte styret Arnegarden i Syvde, der Dagrun Molvik fortalde om skinnsaumen ho driv med og viste nokre av produkta som var under arbeid eller klar for sal.



*Fylkesstyret inviterte styret for Vanylven hagelag på middag under besøket i Vanylven*

### **Hage-Praten**

Hage-Praten er vårt digitale møterom for møter, foredrag o.l. Jamt med aktivitetar året rundt, men flest foredrag januar-mars

<http://www.hage-praten.no> er tilhørende nettside med kalender som viser planlagde aktivitetar og info om pålogging.

Her kan alle lag bestille tid til møter o.l. – meny punkt Bestill tid

Hage-praten er drifta av Molde Hagelag i samarbeid med Hageselskapene Møre og Romsdal, Trøndelag Nord-Syd, Sogn og Fjordane.

## Fylkesturnén 2023 ved Sofie Louise Oltedal frå Vigra

«Travel vår, hvordan planlegge kjøkkenhagen».



Foto: Sofie Louise Oltedal

### Fylkesturnèen vart i 2023 tildelt:

21. mars Kristiansund hagelag

22. mars Rauma hagelag

23. mars Vanylven hagelag

### **Svinvikfondet.**

Fondet ble oppretta av Anne og Halvor Svinvik 9.juli 1977, og midlane er stilt til disposisjon for Hageselskapet avd. Møre og Romsdal som har ansvar for fondet. Det har ikkje vore motteke søknader dei siste åra, heller ikkje i 2023. I samsvar med statuttane vil Fylkesstyret foreslå å oppløyse fondet og overføre restmidlane til Svinvik Arboret.

### **Landsmøte 2023**

Landsmøtet var i år lagt til Stavanger den 6. – 7. mai. Aud Sissel Løvoll Suoranta og Sigrunn Sundnes møtte som delegatar for Hageselskapet Møre og Romsdal.

### **Inspirasjonshelg for tillitsvalde i Oslo**

I 2023 deltok Lill Rustad som representant fra fylkesstyret.

### **Årets hagelag Møre og Romsdal:**

På Årsmøtet blei Rauma hagelag valt som Årets Hagelag i Møre og Romsdal. Rauma hagelag vart seinare valt som Årets hagelag på nasjonalt nivå. Vi gratulerer, det er vel fortent.

### **Årsmøte 2024**

Årsmøtet for 2023 vert 16. – 17. mars 2024 på Sunde Fjordhotell, ved ferjekaia på Solevågen. Claus Dalby er på turnè og han vert foredragshaldar på årsmøtet laurdag 16. mars.

### **Medlemar**

Det er 17 lokallag i fylket ved årets utgang, med en total medlemsmasse pr. 31.12.2023 på 1224 medlemmer. Det er en nedgang på 60 medlemmer sidan 31.12.2022.

## **Økonomi**

Årsregnskapet viser eit overskot på kr 28228

Fullstendig og revidert årsrekneskap med balanse vert lagt fram på årsmøtet 16. mars 2024.

Rovde, 18.03.2024

Sigrunn Sunde

## Regnskap

Kontonr.	Kontonavn	2023	Budsjett 2023	Regnskap 2022	Merknader
3200	Arr. Inntekter	7 309,70	15 000	15 000,00	Loddsalg, inngangspenger
3210	Kurs-inntekter	0,00		14 000,00	
3290	Andre inntekter	0,00	1 200	1 035,43	Renter, momsref
3300	Fylkesturne	15 000,00		50 000,00	Fylkesturne egenandel
3400	Tilskudd DNH	96 790,00	76 000	85 379,00	Tilskudd pr. medlem+ momsref
<b>Sum inntekter</b>		<b>119 099,70</b>	<b>92 200,00</b>	165 414,43	
4000	Varekjøp	-1 398,20	-3 000	-1 142,22	Gevinset o.l
4010	Kurs-utgifter	-2 950,00		-10 000,00	Inspirasjonshelg
6000	Admin.	-15 811,00	-6 000	-4 624,00	Styremøter, rekvisita
6010	Tilskudd lokallag	0,00	0	-4 628,00	Støtte etter søknad
6020	Fylkesturne	-21 486,50	0	-49 900,00	Fylkesturne, Hage-Praten
6030	Honorar	0,00	-30 000	-26 500,00	
7000	Reiseref.	-5 364,00	-10 000	-5551,8	Reiseutg. årsmøte, styremøter ++
7200	Gaver	-250,00	-4 000	-1 244,90	Gaver
7300	Arr.utg.	-43 535,40	-6 000	-4 217,54	Årsmøte inkl. foredrag
8100	Gebyr	-76,50	-450	-415,67	Bankgebyr
<b>Sum utgifter</b>		<b>-90 871,60</b>	<b>-59 450,00</b>	-97 081,91	

<b>Årets resultat</b>	<b>28 228,10</b>	<b>32 750,00</b>	68 332,52	
-----------------------	------------------	------------------	-----------	--

### Balanse

	Aktiva	2023	2022,00
1500	Deb.	<b>10 876,00</b>	
1900	Bank 3980 25 12760	<b>148 594,25</b>	131 242,35
	Sum aktiva	<b>159 470,25</b>	131 242,35
<b>Passiva</b>			
2000	Kred.	0,00	
2050	Egenkapital	<b>159 470,45</b>	131 242,35
	Sum passiva	<b>159 470,45</b>	131 242,35

DNH

### Svinvikfondet tas ut av regnskapet

<b>Bank</b>	<b>59720,19</b>	59183,12
Endring	537,07	
Uspesifisert avvik	60,07	

Tilført renter med 477 kr

  
Terje Nygård, regnskapsfører



M R Fylkeshagelag

### **REVISJONSRAPPORT 2023**

Eg har revidert rekneskapet for MR Fylkeshagelag for 2023 og funne det i orden.

Eg har gjennomgått bilag og kontrollert at bankkonto stemmer.

Eg meiner at rekneskapet viser rett bilete av økonomien til laget, og tilrår derfor at årsmøtet godkjenner rekneskapet.

Eresfjord 18.01.23

  
Annlaug Berge



HAGESELSKAPET  
MØRE OG ROMSDAL

## Aktivitetsplan 2024

### **Foredragsturne 2024 Anders Røyneberg**

6.februar: Surnadal Hagelag «Livsnyterhagen – Et hageshow»

7. februar: Nettet Hagelag «Livsnyterhagen»

8.februar: Ålesund og Omegn Hagelag «Livsnyterhagen – Ditt grønne pusterom»

### **Årsmøtehelg 16-17.mars**

Lørdag: Foredrag ved Claus Dalby «Små hager, store drømmer»

Foredrag ved Nina Elisabeth Bøe og Aud Irene Teilgård «Et lite utvalg roser som vi anbefaler»

Søndag: Foredrag ved Rauma Hagelag, Årets Hagelag i M&R og Norge 2022

### **Regionledersamling**

27-28.april. Påmelding 8.april.

### **Hagepraten på Zoom**

Kurs for tillitsvalgte

Mange spennende og lærerike foredrag på hage-praten.no, tidlig på året og senhøst. Følg med på FB og nettsiden til Hageselskapet.

### **Besøke et hagelag i Møre og Romsdal**

# Budsjett

## Budsjett

Kontonr.	Kontonavn	2024	Regnskap pr. 31.12.23	Merknader
3200	Arr. Inntekter	15 000	7 309,00	Inngang, loddslag
3210	Kursinntekter	0	0,00	
3290	Andre inntekter	1 500	0,00	Renter, momsref
3291	Egenandel årsmøte	5 000		
3300	Fylkesturne	18 000	15 000,00	Fylkesturne egenandel
3400	Medlemstilskudd	85 000	96 790,00	Tilskudd pr. medlem+ moms
<b>Sum inntekter</b>		<b>124 500,00</b>	119 099,00	
4000	Varekjøp	-1 000	-1 398,20	
4010	Kursutgifter	-5 000	-2 950,00	Inspirasjonshelg
6000	Admin	-10 000	-15 811,00	styremøter
6010	Tilskudd lokallag	0	0,00	Støtte etter søknad
6020	Fylkesturne	-37 000	-21 486,50	Fylkesturne, Hage-Praten
6030	Honorar	-20 000	0,00	Foredragsholder årsmøte
7000	Reiseref.	-8 000	-5 364,00	
7200	Gaver	-3 000	-250,00	Gaver
7300	Arr. Utgifter	-46 000	-43 535,40	Årsmøte
8100	Gebyr	-400	-76,50	
<b>Sum utgifter</b>		<b>-130 400,00</b>	-90 871,60	
<b>Årets resultat</b>		<b>-5 900,00</b>	28 227,40	

# Svinvikfondet

## STATUTTER FOR ANNE OG HALVOR SVINVIKS PLANTEFOND

Revidert januar 2022

Fondet er oppretta av Anne Svinvik 9.juli 1977, og midlane er stilte til disposisjon for Hageselskapet avd. Møre og Romsdal som har ansvaret for fondet.

1. Fondet sin grunnkapital er på kr. 60.000,-. Grunnkapitalen kan regulerast, men ikkje kome under kr. 40.000,-. Den skal avsettast på ein måte som gir størst avkastning.
2. Fondet vert forvalta av eit fondsstyre på tre-3 medlemmar. Leiar for Hageselskapet avd. Møre og Romsdal er leiar av fondsstyret. Dei to andre medlemmane vert oppnemnde av fylkesstyret for ein periode på tre-3 år. Eit av medlemmane bør vere frå Svinvikfamilien.
3. Avkastninga av fondet skal nyttast til innkjøp av sjeldne og spesielle planter for utprøving i Møre og Romsdal, som for eksempel planter i klimasoner som ikkje har vert prøvd ut i den sonen du bor i (saltholdighet, vindherdighet, eller uvanleg for klimasonen)  
Avkastninga kan og nyttast til å spreie kunnskap om planter som fyller krava nemnd ovanfor.
4. Dei midlar som til kvar tid står til rådvelde, kan etter søknad tildelast hagelag og/eller medlemmar av hagelag i Møre og Romsdal til innkjøp av planter eller andre tiltak som kan sameinast med fondet sitt føremål i pkt. 3.  
Fylkesavdelinga er i denne samanheng likestilt med lokallaga.
5. Søknad om tildeling frå fondet skal sendast til fondsstyret innan 1. oktober kvart år.  
Fondsstyret behandlar søknaden og sender rapport til Fylkesstyret.  
Søknaden skal vere ført på eit spesielt søknadsskjema, som må vere fullstendig utfylt. Det kan søkast om max fem-5 vekstar .  
50 % av løyvinga blir betalt ut når plantinga er gjennomført. Dei siste 50% blir betalt etter at alle pålagde rapportar er sende inn i det antal fondsstyret har bestemt.
6. Dersom ingen kvalifiserte søknader kjem inn, vert avkastninga av fondet disponert som fondsstyret bestemmer i samsvar med statuttane.
7. Dei søkjarane som har fått løyving frå fondet, plikter å angi rapport til fondsstyret innan utgangen av året i tre-3 år .  
Rapporten skal bygge på notaer ført gjennom året, og skal innehalde eit minimum av opplysningar om vekst og utvikling på plantane.  
Rapporten skal sendast på fastlagt skjema til fylkessekretæren. I tillegg skal det sendast ein kort rapport kvart år i form av eit facebook, eller instagram inlegg, korleis plantane klarar seg.
8. Rekneskap for fondet vert ført av Hageselskapet avd. Møre og Romsdal, og vert revidert av fylkeslaget sine revisorar.
9. Desse statuttane kan endrast av styret i Hageselskapet avd. Møre og Romsdal om fondstyret av spesielle grunnar finn det naudsynt.
10. Ved avslutting av planteforsøket , deles resterande av fondpengane ut i Svinvik Arboret i slutten av mai, til personane som har hatt forsøket.
11. Ved oppløysning av fondet går de resteverande midlane av fondet til Svinvik Arboret.

## **Innkommet sak til årsmøtet fra Sigrunn Sundnes**

Både lokallag og medlemar i lokallaga kan legge fram forslag om saker som dei ønsker behandla på årsmøtet. Eg er medlem i Vanylven hagelag og etter eit kort år som styremedlem i regionen har eg følgjande forslag som eg ønsker å foreslå som sak på årsmøtet i mars:

Forslag som gjeld regionen:

### **1. Vurdere å halde årsmøte annakvart år, - i det året det ikkje er Landsmøte**

Vi har så få saker å behandle gjennom arbeidsåret at dette skulle vere nok. Det er ein kostnad for hagelaga å delta, kostnaden vert høgre om årsmøtet går over to dagar. Vi har etterkvart fått endå ein møteplass for tillitsvalde: Inspirasjonshelga om hausten; den ser ut til å bli annakvart år, neste gong i 2025, same år som Landsmøtet. Hagelaga betaler sjølv for inspirasjonshelga.

### **2. Vurdere å endre samansetninga av styret**

Styret består av leiar + 5 styremedlemar + 2 vara = 8 personar totalt, men arbeidsoppgåvene er fordelt på 6 personar + ekstern rekneskapsfører.

Forslaget mitt går ut på å sløyfe varafolk og velje 6 faste styremedlemar i tillegg til leiar; alle valde for 2 år = 7 personar totalt og vi får 7 personar til å fordele arbeidsoppgåvene på.

### **3. Vurdere endring av valkomitèen – består no av 2 medlemar**

Valkomitèen skal bestå av minst to medlemar iflg. vedtektene. Vi kan auke talet til tre medlemar, valde for tre perioder og med rullering av leiarvervet. Leiar er nr 1 i nemnda og går ut etter årsmøtet. Nr 2 rykker opp til leiarplass og nyvalgt medlem går inn på 3. plass. Det må veljast eitt medlem til valnemnda på kvart årsmøte. Dette er same ordninga som vi har foreslått for Landsstyret. Jf brevet til Hageselskapet.

### **4. Endringane kan gjelde frå og med årsmøtet i 2026**

29.01.2024

Sigrunn Sundnes